

■ Tema: Felles legevakt

Få kroner må ikkje avgjera

Formannskapet i Lindås vil ha ein ny runde om Gulen skal koma med i Nordhordland legevakt. Per i dag er status at dei tre legane i Gulen ikkje lenger ønskjer å oppretthalda ei vaktordning. Rådmannen i Gulen vil velja billegaste felles legevakt, frå Førde. Politikarane i Gulen vil at tenesta skal skje frå Nordhordland legevakt i Knarvik. Det same er rådet frå politikarane i formannskapet i Lindås, mot tilrådinga frå eigen rådmann og frå legane.

”Som utgangspunkt må ein gå ut frå at det beste fagrådet til politikarane kjem frå legane og deira respektive rådmenn.

Det ein kan slå fast, er at saka synest litt enklare for politikarane enn for legane og rådmennene. Ein må gå ut frå at politikarar som tenkjer

ein større kommune, også meiner det forsøket er lite tent med å venda tommelen ned for Gulen. Frå legevakta i Førde er det ikkje sett krav om bakvakt, noko som gjer tilbodet derfrå billegaste å velja for Gulen. Fagleg og lovmessig må det avklarast om dette er eit vilkår Gulen bør ha med i ein avtale, anten det gjeld teneste frå Knarvik eller Førde. Som utgangspunkt må ein også gå ut frå at det beste fagrådet til politikarane kjem frå legane og deira respektive rådmenn.

Eit kjernepunkt i dei langvarige drøftingane, er responstid når nokon treng øyeblikkeleg hjelp. Skal ei ambulanse rykkja ut frå Førde, er det ein knapp times køyring til Lavik og 20 minuttar over med ferja før ein skal nå pasienten ein eller annan stad i Gulen. Frå Knarvik kan ein ambulanse vera framme i delar av Gulen medan ambulansen frå Førde framleis står på ferja til Oppedal. Begge ambulansane kan få problem med å innfri responstida, og legehelikopter må gjerne vurderast. Utgangspunktet no må vera at Nordhordland legevakt ikkje må verta svekka for dei kommunane som er med. Og politikarane i Gulen kan ikkje sjå heilt hårfint på kroner og øre. Dei kan rett og slett måtta grava djupare i lomma om dei vil inn i Nordhordland legevakt. I så fall bør ikkje ein mindre sum verta avgjerande, om det kan sikra liv og helse for innbyggjarane på ein betre måte.

pressens faglige utvalg
PFU

Strilen arbeider etter Vær varsom-plakaten sine regler for god presseskikk. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppmodar me desse til å ta kontakt med redaksjonen. Pressens faglige utvalg er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund som handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adressa til PFU er: Rådhusgt. 17, pb. 46 Sentrum, 0101 Oslo. Tlf. 22 40 50 40, fax: 22 40 50 55.



PÅ VIDEO: Denne veka skal krigsveteran John Pettersen intervjuast om opplevingane sine under andre verdskrigen. Biletet vart teke då Pettersen fekk utdelt den norske krigsdeltakarmedaljen på 95-årsdagen sin i april i fjor.

Krigsveteran kjem på film

RADØY: John Pettersen på Radøy er ein av få attlevande som var med i kampfhandlingane i andre verdskrigen. No vert det laga videoopptak med han.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Me ønskjer å ha opptak med ei primærkjelde, ein som sjølv var med under kamphandlingane, seier Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter til Strilen.

John Pettersen (snart 96) var med i 99. bataljon i det amerikanske forsvaret under andre

verdskrigen. Dette var ein bataljon samansett av norskamerikanarar og folk med norsk avstamming, og der kommandospråket var norsk. Denne bataljonen har eit eige minnesmerke ved Emigrantkyrkja på Sletta, og utvandringssenteret har ei utstilling om denne bataljonen i skulestova på senteret.

Laga video

– Utstillinga me har i dag, er samansett av bilde og gjenstandar som me har fått inn frå fleire gjevvarar, men den seier truleg ikkje så mykje til folk som ikkje veit særleg mykje på førehand. Difor ønskjer me å utvida utstillinga med korte videoopptak, der Pettersen fortel om gjenstandane og bilda og det han opplevde.

– Me er svært takksame for at han var villig til å vera med på opptaka, seier Dyrkorn Heierland.

Opptaka skal gjerast på Sletta i morgon og kanskje torsdag. Utvandringssenteret har fått hjelp av filmselskapet iMedia AS til å gjera opptaka.

Kanskje film

– Viss opptaka vert vellukka, kjem me kanskje også til å laga ein lengre minidokumentar på 10-15 minutt med Pettersen, seier Dyrkorn Heierland.

John Pettersen var med under invasjonen i Normandie sommaren 1944, og han deltok også i harde kamphandlingar i månadene etter dette.

Han har fått mange medaljar for krigsinnsatsen sin, og han deltek alltid under markeringane på Sletta på USA sin nasjonaldag 4. juli.

– Me ønskjer å vidareutvikla utstillinga om 99. bataljon neste år, og difor gjer med desse opptaka no, seier Dyrkorn Heierland.

Strilen

Ei politisk og økonomisk uavhengig avis for Nordhordland. Skipa 1961.

Utgevar: Forlaget Strilen A/S
Trykk: Mediatrykk A/S

Avfotografering av stoff og annonsar for vidare reproduksjon er ikkje tillate utan etter avtale.

Adresse:Kvassnesvegen 23
Postboks 3, 5902 Isdalstø
TIPSTELEFON: 97 15 10 20
Telefon:56 34 30 30
Telefax red.:56 34 30 31
Telefax ann.:56 34 30 32
E-post:avisa@strilen.no
Annonser:annonse@strilen.no

Bladpengar:
Heilår:kr. 860,-
Halvår:kr. 480,-
3 mnd.:kr. 260,-
Tillegg for flypost:
kr. 200,-

Redaksjonen:
REDAKTØR:
Hans E. Storheim56 34 30 33 - 56 35 25 03 (p)
REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ketil Tjore56 34 30 44 - 56 35 00 92 (p)
JOURNALISTAR:
Livar Aksnes56 34 30 48 - 55 23 30 47 (p)
Gunn Berit Wiik Berg56 34 30 35 - 56 36 36 33 (p)
Silje Sæterdal Bøyum56 34 30 45 - 477 088 76 (p)
Anne-Lise Nordpoll56 34 30 46 - 98 69 64 59 (p)
Harald Rongevær (desksjef)56 34 30 37 - 920 88 921 (p)

Marknadsavdelinga:
Marknadsjef Heidi V. Villanger56 34 30 49
Seniorkonsulent Lillian Sæle56 34 30 39
Grethe H. Stemland56 34 30 43
Elisabeth Skjelvik Stiansen56 34 30 38
Wenche H. Dale56 34 30 40
Gjertrud Strømme, grafisk formgjevar56 34 30 42
Annonsemarkjeringa Bergensringen
Susan Clark55 99 00 15



Trykksak